

KANSKJE

Eg vakna og tenkte
Men veit ikkje kva
Det glapp berre frå meg
Men det var gjerne bra
Men om det var viktig
Eller berre litt fjas?
Var det noko eg såg?
Var det noko eg sa?

Var det kanskje ein himmel...

Og mens alle profetar
Ligg slumrande søtt
Kan eg setje garn
Nokon nettopp har bøtt
Mens eg ligg og ventar
Glir fisken forbi
Somme ser syner
Fisken går gjerne fri

Eg vaknar og lyttar
Eg ligg her litt trøtt
Så kom gjerne nær meg
Men vit – det blir mørkt
Og eg vaknar og lyttar
Til kva det no var
Det for altså forbi
Men det var gjerne bra

*Det var kanskje ein himmel
Eller berre eit hav
Det var kanskje ein fjelltopp
Eller berre ei grav*

*Eg har festa eit grep
Eg har teke eit tak
Og om taket glepp er det forholdsvis greitt
Om det ikkje er noko bak*

Kanskje ein himmel
Kanskje eit hav
Kanskje ein fjelltopp
Kanskje ei grav

092012

